



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Dykkar ref.

Vår ref.

08/161-275/ 11/6690/140/KFL

Dato:

Manger: 29.08.2011

## KOMMUNEPLAN FOR RADØY 2011-2023 - TILBAKEMELDING I MOTSEGNSSAKER

### Vedrørande merknader til ny kommuneplan for Radøy kommune

#### - Framlegg til løysing av motsegnsspørsmål

Fylkesmannen i Hordaland sette fram fire motsegn til framlegg til ny kommuneplan for Radøy kommune 2011-2023 då denne var på høyring i perioden 30.04-15.06.2011.

I det følgjande vil Radøy kommune gjere greie for korleis desse motsegna kan løysast.

#### 1. Grad av utnytting – føresegna til fritidsbustader

Radøy kommune endrar føresegna og ny tekstu vert: *"I område for fritidsbustad kan det førast opp fritidsbustad kor verken samla bruksareal (BRA) eller bygd areal (BYA) overstig 150 kvm. Storleiken på fritidsbustadene må tilpassast landskapet."*

#### 2. Byggjegrense mot sjø – stipla linje i plankartet

Linja som skal syne byggjegrense mot sjø i byggjeområde skal teiknast med ein tynnare strek slik at det vert tydeligare. I tillegg tek kommunen ut arealkategoriane som syner byggjeområde nedafor byggjegrensa slik at det vert ulike fargar på det som er byggjeområde og det som ikkje skal vere det i strandsona. I tillegg lagar kommunen temakart for kvart byggjeområde slik at vi får fram detaljane. Vedlagt eksempel.

#### 3. Syltneset – byggjeområde for fritidsbustader

Radøy kommune reduserer areal sett av til byggjeområde for fritidsbustader slik det vart avtalt i møte med Fylkesmannen 18. august 2011. Den nordligaste delen av området vert teken ut slik at ein føl terrenget og ikkje legg arealføremål for nye fritidsbustader lenger en kløfta som delar området. Justert kart er vedlagt. Det vert sett vilkår om at det vert utarbeidd ein kartlegging og biotopanalyse for Hubro før reguleringsplanarbeidet tek til.

#### 4. Mangersnes – byggjeområde for heilårsbustader

På synfaring med Fylkesmannen 24. august 2011 vart Radøy kommune samd i å redusere arealet sett av til byggjeområde for heilårsbustader i Mangersneset noko i sør for å ta omsyn

til landskapsformane her. Kommunen set som vilkår for utbygging at hovudvegen fram til området skal rustast opp før nye bustader vert tekne i bruk. Området skal detaljregulerast og vegen skal vere ein del av reguleringsplanen. Kart med justert areal er lagt ved.

**Radøy kommune ber om at Fylkesmannen trekkjer motsegna**

Radøy kommune legg desse endringsframlegga til grunn og vil på bakgrunn av drøftingar og synfaringar med Fylkesmannen be om at endringane vert godtekne og at Fylkesmannen dermed kan trekke sine motsegn mot framlegg til ny kommuneplan for Radøy kommune 2011-2023.

Radøy kommune har som mål å få gjort vedtak i saka i denne kommunestyreperioden.

Med helsing

Jon Askeland  
Ordførar

Christian Fotland  
Rådmann